



Kartverket

REKOMMANDERT

RADØY KOMMUNE
RADØYVEGEN 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.: ellsin
Sak/dok.: 8923960/344475

Dato:
20.07.2015

Dokumentet er nekta tinglyst

Saka gjeld gnr. 43 bnr. 151 i 1260 Radøy kommune

Vi har vurdert fråfallet av hefte som de krev tinglyst. Dokumentet er mellombels registrert i grunnboka 21.04.2015 med dokumentnummer 344475.

Statens kartverk Tinglysing har ikkje teke kravet til følgje. Dokumentet er derfor ikkje tinglyst.

Ei meir utfyllande forklaring følgjer nedanfor.

Fakta i saka

Vi mottok 21.04.2015 ei fråsegn frå dykk om fråfall av rett tinglyst 26.02.1986 med dokumentnummer 1621. Det vart registrert fråfall i gnr. 43 bnr. 151 i Radøy kommune same dag, men dokumentet er ikkje endeleg godkjent fordi det på fråsegna ikkje var gikk samtykke til fråfallet frå rettshavar Toska Fiskeoppdrett AS.

Vi returnerte fråsegna om fråfall av hefte til dykk utan endeleg tinglysing 28.04.2015. Det vart sett ein frist på 14 dagar til å retta tilhøvet.

Vår vurdering og konklusjon

I regelen er det den registrerte rettshavaren, her Toska Fiskeoppdrett AS, som må samtykke til fråfallet av retten, jf. tinglysingslova § 32.

Toska Fiskeoppdrett AS vart sletta frå foretaksregisteret 1.12.1999. Dersom de meiner at de er vidareføringa av Toska Fiskeoppdrett AS som fylgje av fusjon, fisjon eller selskapsrettsleg omdanning, og difor er rettshavarar, må de sende inn dokumentasjon som bekreftar dette tilhøvet. Foretaksregisteret kan til dømes bistå med å skaffe slik dokumentasjon.

Etter vurderinga vår oppfyller ikkje dokumentet krava til tinglysing, og det blir derfor nekta tinglyst, jf. tinglysingslova § 7 fjerde ledd.

Høve til å anke avgjerda

De og andre med rettsleg interesse kan anke denne avgjerda til Borgarting lagmannsrett. Ankefristen er éin månad frå den dagen de har fått eller burde ha skaffa dykk kjennskap til avgjerda, jf. tinglysingslova §§ 10, 10a og 10b. Har de fått melding om avgjerda i rekommandert brev, blir ankefristen rekna frå den datoen brevet vart sendt.

I anken må de vise til kva for ei avgjerd det gjeld og grunngi kva for endringar de ønskjer. Anken sender de til oss. Etter at vi har behandla anken, sender vi han vidare til lagmannsretten, som avgjer saka.

Gebyret for behandling av anke er seks gonger rettsgebyret, til saman 5 160 kroner, jf. rettsgebyrlova § 23a. Betal gebyret til Statens kartverks konto 6345 05 02415 og merk innbetalinga med matrikelnummer (knr. gnr. bnr. fnr. snr.). Gebyret må vere betalt innan ankefristen. Manglande betaling kan føre til at anken blir avvist.

Kravet om forskotsbetaling gjeld ikkje offentlege organ eller advokatar med rett til etterskotsbetaling.

Praktisk informasjon

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no, på www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er oppe alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Ola Høydal
registerfører



Sindre Ellefsen
saksbehandlar